

## Smitteverntiltak i Vang kulturskule august 2020.

Vang kulturskule har som mål å gjennomføre fysisk undervisning i alle fag frå starten av skuleåret hausten 2020.

Sitat frå UDIR:

*Kulturskolene kan gjennomføre sine aktiviteter med maksimalt 200 personer.*

*For barn og unge gjelder ikke avstandskravet på en meter. For andre offentlig arrangementer er det et krav om at deltakerne må holde minimum en meters avstand til andre deltakere utenfor samme husstand. Dette kravet gjelder ikke for personer under 20 år.*

*Kulturskolen må følge smittevernrådene om håndvask, renhold osv. De må sørge for at syke personer ikke deltar og har også ansvar for å sikre at det er mulig å ivareta god hygiene. I tillegg må de ha oversikt over deltakerne for å kunne bistå kommunen med eventuell smittesporing senere. Informasjonen om deltakerne skal oppbevares forsvarlig og skal slettes etter ti dager.*

Dette sitatet er utgangspunktet for denne smittevernsveilederen samt Norsk kulturskuleård sin smittevernsveileder for kulturskulane.

Link her: <https://www.kulturskoleradet.no/smittevernveileder-kulturskole>

Vi har fem hovudpunkt:

1. Sjuke personar skal ikkje vera på kulturskulen
2. God hygiene
3. Redusert kontakt mellom personar
4. Begrenset sambruk av instrument, utstyr, med meir
5. Undervisningslokale-/øvingslokalet må vere egna

## Tiltak for smittevern – til elever og føresette

### Bruk av rom

Vi brukar hovudinngang ved Foaje og elles våre vanlege rom i vår avdeling. Når ein går til timen så er det viktig at vi fylgjer dei retningsliner som grunnskulen har for bevegelse på skuleområdet.

Pass på at du held god avstand til andre i gangane og om det er kø på antibac-dispenseren.

### Handhygiene

Vask hendene før du dreg heimanfrå, eller går frå skulen - om du kjem frå grunnskulen.

Bruk antibac på hendene når du kjem på kulturskulen. Det finn du rett innafor inngangsdøra (ved kulturskulekjøkkenet). Husk generelle råd om hosting. Vask hendene når du kjem heim/tilbake til skulen.

### Undervisningen:

Vi treng kanskje framleis at nokre elevar har undervisning over internett. Det er fortsatt høve til dette. Kvar enkelt lærar og elev avtaler i så fall dette.

Vi ønsker at eleven har med eige instrument frå heimen. Begrens deling av utstyr og instrumenter.

Lærarane tek minst mogleg i elevens instrument, pass på vasking/rensing ved for eks stemming av gitar.

Instrumenter som vert lånt ut (for eks piano) må gjerast reint mellom timane.

Hald god avstand til døra om førre elev skal ut før du skal inn. Om mogleg: vent til læraren opnar døra.

Unngå toalettbesøk.

Hald avstand til elevar og lærarar.

Kondens/spytt frå blåseinstrument samlast direkte i papir som kastast med påfølgande handvask.

Foreldresamtalar bør skje på videochat/telefon.

### Ein kan berre vere på kulturskulen når ein er heilt frisk

Om du har, eller nettopp har hatt symptom som sår hals, forkjølelse, lett hoste, muskelsmerter eller hovudverk, kan du ikkje kome på kulturskulen. Kontakt læraren din så kan du få undervisning heime til du har vore symptomfri i eitt døgn.

### Tiltak for smittevern – for kulturskuletilsette og reinhaldspersonale:

- Fellesareal i bruk blir vaska dagleg.
- Undervisningsromma blir vaska som før.
- Vi ber elevar unngå å bruke toalett på kulturskulen.
- Elevar som ventar på timen i kulturskulen sin avdeling, skal få ein plass der det er god avstand til andre. Dette gjeld for eks når ein elev har to timar etterkvarandre med for eks 15 minutt pause.
- Det blir sendt ut informasjon om tiltaka og sett opp plakatar til påminning.
- Alle tilsette tek ansvar om ein ser at nokon gløymer seg.

### Reinhaldarars ansvar:

Reinhaldarane syrgjer for antibac ved kulturskulekjøkkenet.

Reinhaldarane skaffar klorspray og tørkepapir til alle fire undervisningsrom.

Vaske fellesrom i kulturskuleetasjen. Sei i frå til rektor/inspektør om det blir for lite.

Vaske og tømme søppel som tidlegare på dei undervisningsromma som er i bruk.

### Lærarane sitt ansvar:

Det er viktig at lærarane set seg godt inn i denne rettleiaren.

Vi utstyrer alle undervisningsrom og pauserommet med klorspray og tørkepapir for vask av bordflater, dørhandtak og utsette flater på dør og karm, trommer, piano, og andre felles berøringspunkter. Felles instrument som til dømes piano skal vaskast mellom kvar elev. Andre flater turkast etter behov i løpet av dagen (om ein har full dag) og ved undervisningsøktas slutt. Meld i frå til rektor i god tid før du går tom for klorvann eller papir.

Når det er mogleg opnar læraren døra for elever som skal ut og inn av undervisningsrommet.

Lærarane må også sjølve vaske hender ofte.

Vi utviser varsemnd for smitte på pauserommet/kjøkkenrom.

Alle vaskar hendene før dei bruker kopimaskina, og tørker av maskinas berøringspunkter med klorfukta tørkepapir før og etter bruk.

Lærarane bør unngå å ta i elevanes instrument, unntatt ved behov for å stemme. Lærarene reingjer då instrumentet etterpå.

Lærarane prøver å lufte ekstra (opne vindauga) når det er mogleg.

Undervisningsromma blir vaska som før. Sei ifrå til rektor om det blir for sjeldan.

Lærarar har ansvar for å rettleie om nokon gløymer å følge smitteverntiltaka.

Gje melding til rektor ved avvik frå smitteverntiltaka.

Lærarar vi kjøper frå ein anna region bør ha 2 m avstand til elevane.

### Rektor sitt ansvar:

Informere elever og føresette om dei nye rutinane

Informerer alle born og unge gjennom grunnskulens kanalar om at kulturskule sin avdeling ikkje er opent, sjølv om avdelinga har open dør.

Elevane bør ha fem minutt mellom kvar time, slik at dei dei unngår å treffast i forskjellige kohortar.

Syte for at det er tilgang på eingongshanskar og munnbind, om det skulle vere behov for dette.

Fordele kven som har ansvar for at ytterdøra blir lukka kvar kveld.

Merke tydeleg med plakatar på kulturskule at

- Huset er stengt for anna aktivitet/opphald
- Ein freistar unngå toalettbruk på huset
- Ein må halde avstand til døra når førre elev skal forlate undervisningsrommet

### Kor og korps:

Kor og korps kan gjennomføre øvingar i alle kommunale samfunnshus i Vang, dersom ein fylgjer smittevernsveileder til Norsk musikkråd: <https://www.musikk.no/nmr/om-oss/medlemsorganisasjoner/ressurser-for-medlemmer/veileder-smittevern-for-musikkovelsler>

**Alle** bør sette seg inn i smittevernråd frå Folkehelseinstituttet (fhi.no) og Helsedirektoratet (helsedirektoratet.no)